



Førde kommune



Festplassen i Førde

Tettstadmidlar 2009

Bakgrunn

Festplassen og parken i dag

Vidare utvikling

Organisering

Økonomi

Rapport Festplassen

www.forde.kommune.no



Rapport Festplassen

Bakgrunn

Kommunen har arbeidd målretta med å gjere elva Jølstra meir tilgjengeleg for folk flest. Eit av tiltaka har vore å ruste opp byparken på Festplassen til eit rekreasjons- og opplevingsområde midt i sentrum av Førde. Konkret har tiltaket vore å opparbeide gangvegar, få på plass god lyssetjing, setje ut benkar og bord, skifte ut tre i parken samt planere og så til grasdekke. Målet var òg at tiltaka skulle gjerast i samsvar med prinsipp om universell utforming med tilgjenge for alle.

Takka vere tilskot frå Sogn og Fjordane fylkeskommunen sine tettstadmidlar er no alle tiltaka gjennomførte.



Førde har no fått ein flott og spennande bypark med fleire eigna møteplassar for folk flest og med rom for aktivitet og samkvem med andre. I tillegg har vi fleire gangstiar med lyssetting som bind dei ulike delane av parken og dei to gangbruene, på kvar ende av parken, saman. Dette gjer parken lett tilgjengeleg og trygg å ferdas i.


Tiltaket er elles gjort med grunnlag i prinsipp om universell utforming og i samsvar med vedtekne planar for både byparken og "byutviklingsplanen".

Rapport Festplassen

Festplassen og parken i dag



Illustrasjonen over viser området tiltaket gjeld. Bilete under viser parken i dag og syner på ein fin måte korleis parken framstår som heilskapleg og tilgjengeleg grøntområde.



Rapport Festplassen

Ein viktig del av parken har vore lyssetting, korleis plassere avfallscontainerar, plassering av benkar og bod. Parken har i dag òg to grillar, som vert ofte nytta.



Vidare utvikling

Det er utarbeidd fleire planar om vidare utvikling av parken på Festplassen. Mellom anna har det vore ønskje om å få sett opp ei fast scene som skal yttast i samband med konsertar. Særleg har Førdefestivalen vore interessert ein slik installasjon. Ein plan over dette og ein leikepark er teikna inn på illustrasjonen under. Scena er inntil vidare utsett. Derimot er leikeparken realisert, og vi opplever i dag svært stort besøk, m.a. for vitje leikeparken. Her samlast dagleg barn, unge, foreldre og besteforeldre.



Rapport Festplassen

Organisering

Prosjekteigar for tiltaket var konsituert rådmann Håkon Fimland medan prosjekt- og byggeleiar Fredrik Frøyland har vore prosjektleiar. Saman med teknisk sjef Asbørn Etterlid har desse vore prosjektgruppa for tiltaket. Tiltaket vart starta 2010.

Planutvalet i Førde kommune har vore oppdragsgjevar og styringsgruppe.

Økonomi

Prosjektrekneskap Bypark pr.nr. 1009

Arbeid med veg, grøfter, rør og planering	760 832
Kummar og rør	159 148
Benker, bord og stabbesteinar	200 913
Gatelys	379 667
Sum utgifter	1 500 000



